## Tre uskedelingar på damelaget

17.04.2009

**Det blir tre uskedelingar på daamelaget til Rosendal i denne sesongen og dei er Anita Simensen, Ida Røssland og Gøril Samland Eik. Laget startar serien i tredje divisjon til helga og det skjer med mange nye spelarar.**

Noko mål fpr sesongen har ikkje damene sett, men dei håpar sjølvsagt å unngå å hamna i nedrykkstriden. Leiv Kristian Skaala er ny trenar etter Stig Dagfinn Tveiten og Skaala er særleg spent på korleis mange av dei unge jentene vil klara seg.
Men han slår fast for Kvinnheringen at laget har ein veldig jamn stall med mange stabilt gode spelarar.